



Innsamlarane klåre ved Gamleskulen eit tidlegare år

Imorgen frå klokka 17 til 19 avvikles demensaksjonen i Uskedalen og det er grunn til å vente eit godt resultat av innsamlingen også dette året. Innsamlarane skal møta på Gamleskulen, opplysar helselagsleiar Selma Eik.

I år har Nasjonalforeningen prioritert forskning. Derfor går innsamlingen til 2 føremål, 70 prosent til

forskning og 30 prosent til lokal aktivitet.

Årets tema er HUSK DEM SOM GLEMMER.
Aksjonen er ein ypperleg mogelegheit til å gje viktig informasjon samtidig som lokallag vert synlege og kan auka medlemstalet.

Aksjonen på landsbasis starta 15. september og pågår til 21. Det er ikkje tvil om at den har gjeve folk auka kjennskap til demenssaken.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen